

# Informasjon februar 2021

## Perle

### Januar

Dei to fyrste vekene i januar var det veldig kaldt og vi var mykje inne. Dette merka vi på ungane, dei blei meir slitne. Vi er i ein periode med kaldt ver no og, men sola varmar litt midt på dagen. Vi er glad over at vi no kan vere meir ute og leike/ake i snøen.

2017-ungane har vore i skogen og ete lunsj og hatt kvilestund i lavvo. Det har vore veldig kjekt og spennande. Vi har alltid varm drikke med. Kakao eller varm saft. Ungane ligg på skinn og kviler. Dei får høyre på musikk eller eventyr. Etter mat og kvile blir det litt tid til leik i snøen. Vi akar, leikar i hytta m/spade, panner, sleiver osv. Pinnar og stokkar er kjekt å bære/frakte rundt med. Ungane lurte på om vi ikkje skulle grilla pølser i skogen, og tenna bål. Derfor har vi satt det opp på plan i februar.

Vi har lese om eventyret skinnvotten. Ungane har lært namn på ulike skogsdyr. Villsvinet var nok eit dyr dei ikkje var så godt kjende med frå før. Ungane har fått vore med å dramatisert. Dei valde sjølve kva slags dyr dei ville vere.

### Februar

Fyrste veka i februar vil vi ha samlingar om samekulturen. Vi vil vise ulike bilder av lavvo, rein, samedrakt m.m. Vi vil fortsette å vera ein dag i skogen for dei eldste. Denne månaden har vi tema fargar. Vi vil ha ulike malingsaktivitetar ute og inne. Lage is og male på skulpturar. Vi skal bli kjent med eventyret om den kvite lille haren som ikkje ville vere kvit lenger. I mars vil vi ha karneval. Barna skal få velje å vere eit dyr frå skinnvotten. Dei ungane som vil kan få male seg med ansiktsmaling. Vi kjem tilbake med meir informasjon. **Sangar me syng er: Lille hasse-hare, Haren ut i gresset, Karnevalsang, Se min kjole.**

### Bruse

#### Januar:

Det var kjekt at det kom litt snø! Me har også fått erfart korleis det er å vere ute når det er kaldt. Me har også fått utforska kva som skjer med vatn når det er kaldt ute. Kjempestas å lage hanskaner me hadde utstilling med på trappa. Me har også fått prøvd oss litt på ski - ein flott gjeng som står på og prøver - dei er kjempeflinke! I gymsalen har me hatt ein del hinderløype - og også det har dei blitt kjempeflinke til. Me har starta opp med minirøris og har begynt å lære oss fleire songleikar. Kjempekjekt å vere i gymsalen! Elles har det vore mykje fin leik inne på avdelinga med bilar, og fleire har byrja å vise meir interesse for å teikne. Plusplus og plastelina har vore kjempestas den siste tida. Elles må det seiast at alle har blitt kjempeflinke til å finne sine egne klede, kle på seg, og henge klede på plass igjen når me kjem inn - kjempeflott! Ungane er krye og viser meistringsglede når dei får til dette.

#### Februar:

I februar vil me halde fram med vinteraktivitetar og jobbe litt med fargar. Det vil bli dagar med ski, og nokon dagar tek me med oss akemattene me har i barnehagen bort i bakken. Følg med på oppslag i bhg om når me har ski. I gymsalen vil me ha fokus på frileik, minirøris og songleikar framover. Me vil også fortsette med skrivedans for 2015/2016. I samband med samefolkets dag vil me ha samlingar i veke 5 der me fortel og viser bilder frå kulturen til samefolket. Me satsar på å ha litt formingsaktivitet også denne veka.

Skuleklubben reiser på bading veke 5, og frå veke 6 og nokre veker framover er det 2016-kullet som reiser på bading - dei som skal vere med får lapp på plassen sin slik som før jul.

I februar blir det karneval.

Me vil syngje sangar som har med fargenamn.

### Felles

De vil få heim ferielapp for vinterferien no i starten av februar.

Vi har ikkje hatt felles songstund med Ida K no i januar pga smittervernreglar.

**Månadens teikn for Bruse og Perle er ulike fargenamn.**